

POLITISKE VERKSTADER

VÅREN 2024

06.03.2024

asplan
viak

«Tidsvinduet»

- Politisk diskusjon om **innholdet og prioriteringene i** samfunnssdelen første året hver valgperiode
- Uavhengig av om samfunnssdelen er ny eller gammel
- Bygge på et tydelig utfordringsbilde - forberedes i valgåret
- Politiske verksted som metode
- Kan også inngå som del av folkevalgt-opplæringen

VALGÅRET

okt nov des

Konstituering
av nytt
kommunestyre

- Kunnskapsgrunnlag og kommunens utfordringsbilde
- Samhandling med regionale myndigheter om kunnskapsgrunnlaget
- Forberede prosess med samfunnssdelen

FØRSTE ÅRET AV VALGPERIODEN

jan feb mar apr mai jun jul aug sept okt nov des

POLITISKE VERKSTEDER
Administrativ tilrettelegging
for tverrpolitisk diskusjon om
lange linjer og satsinger i
kommuneplanens samfunnsdel

**PLANSTRATEGI
PLANPROGRAM**
Forenklet

**KOMMUNEPLANENS
SAMFUNNSDEL**
Forslag, høring, åpen debatt, vedtak

FORARBEID
Handlings- og
økonomiplan

**HANDELINGS- OG
ØKONOMIPLAN**




AGENDA

0900-0910	Innleiing v. ordførar	
0910-1020	Presentasjon av utfordringsbilete - del1	
	• Kommunalområda (10 min pr)	v/ kom.dir./kommunalsjefane
	• Barnevern/levekår – perspektiv på tvers (20 min)	v/ Setesdal barnevern
1040-1050	Pause	
1050-1130	Presentasjon av utfordringsbilete – del2	
	• Det samanhengande biletet (20 min)	v/ fagleiar plan
	• Interkommunale samarbeid (20 min)	v/ kom.dir.
	• Diskusjon i plenum (20 min)	
1140-1210	Lunsj	
1210-1345	Metode for verkstad (I-G-P)	
	• Refleksjon rundt utfordringsbilete	
	• Refleksjon rundt satsingsområde	
1345-1400	Pause	
1400-1445	Presentasjon av gruppearbeid	
1445-1530	Oppsummering	v/kom.dir.




Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

Hovedmodell for strategiske planprosesser inspirert av samskaping





Styrt samskaping politikk og administrasjon







Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

MÅLSETTING FOR DAGEN

- Felles forståing av kva som er Bygland sitt utfordringsbilete.
- Godt kunnskapsgrunnlag for å ta politiske avgjelder.





Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

KVA TAR VI MED OSS FRÅ PRESENTASJONEN AV UTFORDRINGSBILETE?

Noter refleksjonar undervegs

- Vil du føye til andre forhold eller ta vekk punkt i skildringa av utviklingstrekket?
- Bør overskrifta bli endra?
- Ha fokus på å reflektere rundt utfordringane, løysingane/tiltaka skal vi diskutere vidare på eit seinare tidspunkt.

Kva tar du med deg frå presentasjonen av utfordringsbilete? (1)

- Ha fokus på å reflektere rundt utfordringane, løysingane/tiltaka skal vi diskutere vidare på eit seinare tidspunkt.

Tenesteområde Organisasjon og HR

Tenesteområde Helse og omsorg



UTFORDRINGSBILDE ORGANISASJON OG HR

Attraktiv arbeidsplass

- Et godt sted å jobbe, organisasjonskultur og omdømme.
- Sikre fagkompetansen og de ressursene kommunen trenger for å imøtekomme framtidens behov.
- Legge til rette for enda mer mangfold og inkludering.

Mulighetsrom

- Det blir attraktivt når vi gir tilsette/nytilsette sosial trygghet, attraktive lokaler osv.

Effektivisering gir flere muligheter

- Digitalisering. Nytt ERP system kan gi gode effekter på sikt.
- Gir muligheter til enda mer støtte og samhandling til alle.
- For lite ressurser på sentrale funksjoner /stab/ administrative oppgaver generelt.
- Styrke fagmiljøer der det er en fagperson og som gjør oss mindre sårbare.

Mangel på arbeidskraft og rekruttering

- Utfordrende rekrutteringsmarked.
- Deltid / Heltid, øke stillinger.
- Rekruttering til Helse og omsorg.
- Rekruttering Skule/Barnehage.

Små fagmiljø - Mer interkommunalt samarbeid

- Samarbeid med nabo kommuner.
- Vi er for mange som er alene på de ulike fagområdene, lite nettverk.
- Fagmiljø blir for små.



UTFORDRINGSBILETE SAMFUNN

Vedlikehalds-utfordringar	Kompetanse	Bustadar	Levekår/kultur
<ul style="list-style-type: none">• Mykje gammal bygningsmasse• Vedlikehaldsetterslep på kommunale vegar• Mangel på opparbeidd næringsareal• Nye krav til VA	<ul style="list-style-type: none">• Mange oppgåver på få folk• Sårbar organisasjon• Behov for større fagmiljø for å kunne løyse større og komplekse utfordringar• Rekruttering framover?	<ul style="list-style-type: none">• Mange tomme hus• Få attraktive tomter• Få private initiativ• Vedlikehaldsetterslep på kommunale bustadar	<ul style="list-style-type: none">• Ulik fordeling mellom Bygland og Byglandsfjord• Stort behov for kommunal satsing på Byglandsfjord




UTFORDRINGSBILETE OPPVEKST

Manglande kompetanseattraktivitet	Nedgang i folketal	Samfunnsutvikling	Forventningar til kommunale teneste
<ul style="list-style-type: none">• Vikarmangel• Få søkerar til både fagarbeid- og undervisningsstillingar• Fagmiljø blir mindre	<ul style="list-style-type: none">• Færre barn i skule/BHG• Nye utfordringar – slå saman grupper• Psykososialt skulemiljø• Tilhøyrslle	<ul style="list-style-type: none">• BHG/skule - tilpassing for alle• Meir spesialundervisning• Krev fleire yrkesgrupper inn i oppvekst	<ul style="list-style-type: none">• Individualisme – endra og større krav til skule/bhg frå foreldre• Mindre tillit til skule og lærarar• Grensesetting



UTFORDRINGSBILETE HELSE OG OMSORG

Rekruttere og behalde	Eldre	Born/unge	Folkehelse
<ul style="list-style-type: none">• Små fagmiljø/ mangel på fagmiljø.• Konkurranse om arbeidskrafta - færre helsepersonell.• Større arbeidsbelastning kan føre til høgare sjukefråvær.	<ul style="list-style-type: none">• Fleire eldre, liten tilgang på aldersvenlege bustader/spreidd busetnad – mykje køyring for helsetenesta.• Transportbehov – sosiale møteplassar osv.• Mangel på digital kompetanse – velferdsteknologi.	<ul style="list-style-type: none">• Levekårsutfordringar - meir utanforskap og større sosial ulikskap kan medføre auka press på helsetenesta på fleire nivå.• Sosial arv (uførheit).	<ul style="list-style-type: none">• Manglande fokus på systemretta folkehelsetiltak kan føre til meir «uhelse» i befolkninga (kjende risikofaktorar).• Høg andel uføre (ca. 20% mellom 18-67) – høgare risiko for ulike helseutfordringar. Restarbeidsevne?




Hushaldningane blir mindre

- Talet på personar i kvar hushaldning går ned, og fleire bur åleine. I Bygland er gjennomsnittleg storleik på ei hushaldning er 2 personar i 2023. Delen åleinebuande er 40,6 %. Delen par utan heimebuande barn er 23,6% som er ei auke på 14,5 % frå 2005 til 2023.
- I Bygland er konsekvensen synkande folketal og sterkare aldring. Dette aukar presset på tenester (vanskelegare å leve eller oppretthalde tenester enten på grunn av mangel på arbeidskraft (f.eks. lege, omsorg) eller mangel på tenestemottakarar (elevar)).
- Det gjev risiko for auka einsemd og utanforskap. Bygland ligg høgt på opplevd einsemd i nesten alle aldersgrupper blant vaksne.
- Bustadmarknaden er liten, det er låg omsetning av bustader og lite nybygging. Låg tilgang på bustader gjer det vanskeleg å halde på og trekke til seg innbyggjarar og arbeidskraft.
- Låg tilgang på aldersvenlege bustader gjer det vanskelegare for eldre å bu trygt heime og aukar behovet for omsorgs- og sjukeheimslass.

Gjer skildringa meir relevant for ditt arbeid og kommunen

- Vil du føye til andre forhold eller ta vekk punkt i skildringa av utviklingstrekket?
- Bør overskrifta bli endra?



Bygland kommune
Med hjarta i Bygland




Den sosiale ulikskapen aukar

- Utanforskap frå arbeidsliv bidrar sterkt til sosial ulikskap gjennom manglende inntekt, auka risiko for uhelse og lågare levealder. Bygland tapar arbeidskraft og må jobbe med konsekvensane av utanforskap.
- Pr. 2022 var 9,1% av innbyggjarane i alderen 15-29 år i Bygland utanfor arbeid, utdanning eller arbeidsmarknadstiltak. Dersom vi ser på alle i alderen 15 år og eldre er 35 % av innbyggjarane i same situasjon. Ser vi på innbyggjarar med innvandrarstatus er delen 44 %.
- Delen barn i låginntektshushaldningar aukar og er høgare i Bygland enn landsgjennomsnittet. I 2021 var delen barn i låginntektshushaldningar 17,2 % i Bygland.
- Delen barn med barnevernstiltak var 9,1 % i 2022. Det er ei auke på 6,5 % frå 2018.
- Globale endringar som følgjer av pandemiar, klimaendringar og krig påverkar den sosiale ulikskapen. Dei som har det vanskelegast frå før, vil få det enda vanskelegare.

Gjer skildringa meir relevant for ditt arbeid og kommunen

- Vil du føye til andre forhold eller ta vekk punkt i skildringa av utviklingstrekket?
- Bør overskrifta bli endra?




Vi blir mange fleire eldre

- Lågare og framleis synkande fødselstal gjer at gjennomsnittsalderen i befolkninga aukar.
- I dag er det 2,4 personar i arbeidande alder (20-66 år) per pensjonist, mens i 2040 vil det vere 1,8 og i 2050 1,7. Til samanlikning er gjennomsnittet i Agder 3,7 i dag.
- Aldringa er sterkest i distriktskommunar, fordi ein høgare del av den yngre befolkninga flytter mot byane for å studere eller arbeide. Ein relativt lågare del flytter heim att, fordi de kanskje ikkje finn relevant arbeid i kommunen dei flytta frå.
- Framskriving viser at Bygland vil ha 4,5% færre innanfor arbeidsstyrken og 4,5% fleire utanfor (i hovudsak alderspensionistar) i 2040.
- Aldring og stagnasjon pregar i dag dei fleste utvikla land i verda, medan befolkningsveksten skjer i utviklingsland, særleg i Afrika. Migrasjon bidrar til å dempe den demografiske ubalansen noko hos oss, fordi innvandrarar har lågare gjennomsnittsalder. Korleis migrasjonsbilete vil utvikle seg i framtida er usikkert.

Gjer skildringa meir relevant for ditt arbeid og kommunen

- Vil du føye til andre forhold eller ta vekk punkt i skildringa av utviklingstrekket?
- Bør overskrifta bli endra?



Bygland kommune
Med hjarta i Bygland




Vi manglar kompetanseattraktivitet

- Bygland er den kommunen i Noreg som har hatt størst nedgang i talet på sysselsette dei siste 20 åra.
- Verksemder har behov for kompetent arbeidskraft for å utføre ulike typar arbeidsoppgåver. For verksemder som rekrutterer nyutdanna arbeidskraft, står utdanninga sin kvalitet og relevans sentralt.
- Kommunar og verksemder opplever mangel på arbeidskraft. Med færre i yrkesaktiv alder vil konkuransen om arbeidskrafa bli enda hardare.
- Bedriftsundersøkinga til NAV (2023) viser at næringslivet i Agder treng nærmare 3000 nye tilsette.
- Bygland har få innbyggjarar med minst fire års høgare utdanning og få med fagbrev.
- Digitalisering krev kompetanse, ressursar og omstilling. Mange kommunar har ikkje nok kompetanse og administrativ kapasitet til digitalisering fordi det krev spesialisert kompetanse.
- Små fagmiljø gjer kommunen sårbar. Attraktive fagmiljø for personar med høgare utdanning kan bidra til at ein klarer å rekruttere og behalde dei.

Gjer skildringa meir relevant for ditt arbeid og kommunen

- Vil du føye til andre forhold eller ta vekk punkt i skildringa av utviklingstrekket?
- Bør overskrifta bli endra?



Bygland kommune
Med hjarta i Bygland



Kommunen sitt framtidige økonomiske handlingsrom er usikkert

- Norsk økonomi, inkludert kommunesektoren vil stå i en skvis mellom redusert inntektsvekst, lågare finansieringsbidrag frå oljefondet og høgare vekst i behova. Dette dreier seg om fleire eldre, færre yngre, klimakrise, naturkrise og nå i det siste auka vekt på sikkerheit, sjølvberging og forsvar.
- Samtidig som kommunesektoren må handtere ekstraordinære akutte utfordringar som auka tilstrøyming av flyktningar, høg inflasjon og auka renter, står han overfor meir langsiktige utfordringar . Framover vil kommunane oppleve auka kostnadsvekst som følge av at delen eldre i befolkninga, aukar. Behova innanfor helse og omsorgstenesta vil auke markant, samtidig som delen innbyggjarar i yrkesaktiv alder går ned.
- Auka kostnadnar og mangel på arbeidskraft aukar behovet for innovasjon og meir effektive tenester. Det er stor ulikskap i føresetnadane for innovasjon i kommunane.
- Med det kostnadsnivået kommunen har no, er kommunen veldig sårbar for reduksjon i straumprisen, for då vil kraftinntektene bli redusert. Desse inntektene svingar til dels mykje når straumprisen er variabel, og når dei er på sitt lågaste er ikkje kommunen sin økonomi berekraftig.

Gjer skildringa meir relevant for ditt arbeid og kommunen

- Vil du føye til andre forhold eller ta vekk punkt i skildringa av utviklingstrekket?
- Bør overskrifta bli endra?



Klimaet blir varmare, våtare og villare

- Klimaendringane merkast i Noreg ved at vi får meir nedbør og ekstremvær, fleire flaumar og skred, kortare snøsesong, og endra livsføresetnadar for artar.
- Klimaendringane går raskare enn vi klarer å tilpasse oss effektane. Etterslepet i for eksempel handtering av overvatn, flaum og skredsikring er stort.
- Regionplan Agder 2030 seier at klimagassutsleppa skal bli redusert med 45% innan 2030. Bygland står for under 1% av Agder sine klimautslepp. Utslepp pr person er likevel like høge som for resten av Agder.
- Klimagassutsleppa i Bygland kommune er låge. Dei største bidraga kjem frå vegtrafikk og jordbruk. Nivået på utsleppa har vore stabile over fleire år.
- Eit endra klima vil ikkje berre auke risikoene for naturhendingar, men også forsterke konfliktar knytt til naturressursar og føre menneske på flukt.
- Omtrent 25% av kommunen sitt areal er rørt av potensiell naturfare.

Gjer skildringa meir relevant for ditt arbeid og kommunen

- Vil du føye til andre forhold eller ta vekk punkt i skildringa av utviklingstrekket?
- Bør overskrifta bli endra?




Nye samarbeidsformer for kommunen

- Innbyggjarane sine forventningar til kommunale tenester endrar seg. Kommune 3.0 framstår som idealt for tenesteproduksjonen i framtida.
- Frivillig innsats er i dag sentralt for barn og unge si organiserte fritid og kulturlivet og i mindre grad innan helse og omsorgstenestene. Men frivillig innsats vil bli eit stadig viktigare innsatsområde, visst dei mange fleire eldre skal ha ein trygg, aktiv og verdig alderdom.
- Frivillig innsats utanom dei frivillige organisasjonane veks. I Noreg har den prosjektorienterte frivilligheita etter kvart fått større plass, på kostnad av den tradisjonelle frivilligheita som er knytt til langvarig medlemskap i ein og same organisasjon.
- Sidan 2000 har det vore ein tydeleg vekst i det interkommunale samarbeidet. Veksten gjeld særleg for tenesteproduksjon innan helse og sosialsektoren og i mindre grad utviklingsoppgåver som samfunns- og arealplanlegging.
- Fleire av dei nye grøne næringane krev store areal, og vil ha samfunns- og miljømessige konsekvensar som overskrid kommunegrenser. Det kan gjere det vanskeleg å ta heilskaplege omsyn. Det kan auke forventningane til at kommunane i høgare grad ser behov og vurderer løysingar på tvers av kommunegrenser.

Gjer skildringa meir relevant for ditt arbeid og kommunen

- Vil du føye til andre forhold eller ta vakk punkt i skildringa av utviklingstrekket?
- Bør overskrifta bli endra?



Bygland kommune
Med hjarta i Bygland




Lokaldemokratisk arena under press


- Tilliten til det offentlege er større i Noreg enn i mange andre samanliknbare land, men tendensen er at tilliten er synkande.
- Halvparten av innbyggjarane i Noreg meiner at dei med gode personlege kontaktar i kommunen, får tatt i vare interessene sine betre, og oppfatninga er mest utbreidd i distriktskommunar.
- Polarisinga er aukande, og syner seg ved høgare oppslutning til ei-saks-parti og høgare grad av oss/dei argumentasjon.
- Opplevinga av eit smalt handlingsrom verkar demotiverande på folkevalde. Halvparten av dei folkevalde opplever det som at det er administrasjonen som utformar politikken.
- Vanskelegare å få brei deltaking inn i politikken.

Gjer skildringa meir relevant for ditt arbeid og kommunen

- Vil du føye til andre forhold eller ta vekk punkt i skildringa av utviklingstrekket?
- Bør overskrifta bli endra?



Bygland kommune
Med hjarta i Bygland



Rask teknologisk og digital utvikling

- Ny teknologi og digital utvikling er sentral for gjennomføringa av det grøne skiftet og vil i tillegg vere viktig i framtidas omsorgs- og helsetenester.
- Digitalisering krev kompetanse, ressursar og omstilling. Mange kommunar har ikkje nok kompetanse og administrativ kapasitet til digitalisering fordi det krev spesialisert kompetanse.
- Utviklinga innanfor kunstig intelligens (KI/AI) går svært raskt. Teknologiutviklinga vil påverke oss i framtida, og få store ringverknader for regionen.
- Verdiskapinga frå Noreg sin dataøkonomi vart estimert til 150 mrd. kroner i 2020. Verdien av data vil fortsette å auke, og prosessar og avgjersler i bedrifter og organisasjonar blir meir datadrive.
- Agder er blant fylka i landet med best utbygd breibanddekning, og 94 % av alle husstandar kan få 1 Gbit/s eller meir.

Gjer skildringa meir relevant for ditt arbeid og kommunen

- Vil du føye til andre forhold eller ta vekk punkt i skildringa av utviklingstrekket?
- Bør overskrifta bli endra?



METODE (I-G-P)

Individuelt – Gruppe - Plenum

1. Refleksjonsoppgåve 1 (35 min)

Kva tar vi med oss frå presentasjonen av utfordringsbilete?


- Kva har du notert under presentasjonen og kva vil du spesielt trekke fram? 3 min individuelt.
- Runda rundt bordet. 2 min frå kvart gruppemedlem. (bordvert tar tida)

Kor vesentlege er utviklingstrekka for Bygland kommune?

- Gruppa fordeler utviklingstrekka på vesentlegheitsmatrisa. 15 min gruppe
- Presentasjon i plenum.

Stor relevans				
Middel relevans				
Liten relevans				
Utviklingstrekk	Dårlig beredskap	Middels beredskap	Godt beredskap	Stålkontroll 

**Strategiske
blindsonen**



RELEVANS (Mykje, middels, lite)

Kor relevant er utviklingstrekket for kommunen som samfunn og organisasjon?

Kor relevant er utviklingstrekket for den miljømessige, sosiale og/eller økonomiske berekrafta i kommunen framover?

BEREDSKAP (Mykje, middels, lite)

Er kommunen godt forberedt på konsekvensane av utviklingstrekket?

Er utviklingstrekket i tilstrekkeleg grad innarbeidd i kommuneplanen sin samfunnsdel?

Er utviklingstrekket i tilstrekkeleg grad innarbeidd i øvrig planverk?

Tar den framtidige planlagte arealbruken høgde for utviklingstrekket?

Har kommunen tilstrekkeleg forståing for og kunnskap om utviklingstrekket?



NÅVERANDE SATSINGSOMRÅDE

Attraktive og livskraftige sentra og bygdelag

- To sentra og levande bygdelag.
- Sentra har gode og inkluderande buminiljø og møteplassar.
- Fleire har tilgang på bustad og buminiljø tilpassa livssituasjonen sin.
- Eit inkluderande og raust samfunn.
- Kommunen har eit godt omdømme.

Verdiskaping og berekraft

- Fleire robuste små og mellomstore bedrifter er etablert.
- Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar.
- Kommunen er eit reisemål som synast på kartet, og reiselivsnæringa bygger på naturbaserte opplevelingar.
- Kommunen si drift er berekraftig.

Utdanning og kompetanse


- Barnehagar, skular og bedrifter fremmar kultur for læring, helse og trivsel.
- Sysselsettinga har auka, særleg for utsette og marginaliserte grupper.
- Det er god balanse mellom tilbod og etterspørsel etter kompetanse i arbeidsmarknaden.
- Fleire elevar og studentar gjennomfører vidaregående opplæring, fagskule og høgare utdanning.

Kultur, idrett og friluftsliv

- Alle innbyggjarane har moglegheit til å delta på fellesarenaer for kultur, idrett og friluftsliv.
- Alle innbyggjarane opplever å ha god tilgang til eit breitt tilbod innan kultur idrett og friluftsliv.
- Verdiskaping knytt til kulturarven har auka.
- Frivilligheita er drivkraft i vidareutviklinga av kultur-, idretts- og friluftslivet.

Transport, kommunikasjon og samfunnstryggleik

- Det er etablert miljøvenlege, sikre og universelt utforma mobilitetsløysingar.
- Talet på reiser som blir gjort til fots, med sykkel og kollektivt har auka.
- Den digitale infrastrukturen er robust og har god kapasitet.
- Naudsynt infrastruktur for eit lågutsleppssamfunn er bygd ut.
- Infrastruktur for transport og kommunikasjon er tilpassa klimaendringar og ekstremesituasjonar.



Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

PLANFORSLAG REGIONPLAN AGDER 2030

Satsingsområde:

1. Attraktivt og miljøvennlig Agder
2. Bærekraftig verdiskaping
3. Utdanning, kompetanse og deltagelse
4. Mobilitet
5. Kultur



METODE (I-G-P)

2. Refleksjonsoppgåve 2 (45 min)

Kva for 3-5 satsingar bør bli vektlagt i kommunestyreperioden?

Kvífor er desse viktige?

- Noter kva du tenkjer er viktige satsingar. 3 min individuelt.
- Runda rundt bordet. 2 min frå kvart gruppemedlem. (bordvert tar tida)
- Tenkjer du annleis etter runda rundt bordet?
- Kva ønskjer gruppa å trekke fram i oppsummeringa på felles plansje på bordet?

2

Kva for 3-5 satsingar bør bli vektlagt i kommunestyreperioden?

Kvifor er desse viktige?

Kvifor?

Kvifor?

Kvifor?

Kvifor?

Kvifor?